



Statens vegvesen

Referat

Dato: 28.10.2022

Tid: 1300 –1500

Referent: Nils Inge Romarheim

Saksbehandler: Nils Inge Romarheim

Tlf. saksbeh. 906 59 309

Vår dato: 04.11.2022

Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Møtenr:	8–2022
Stad:	Teams
Møteleiar:	Tore Johan Øvstebø
Til stades:	<p><u>Styringsgruppe:</u> Tore Johan Øvstebø, Eva Vinje Aurdal, Anders Riise, Kristin Sørheim, Kjetil Strand, Ole Kristian Birkeland (Vara for Ove Nesje).</p> <p><u>Sekretariatet:</u> Jøran Mentzoni Eilertsen, Sunniva Ullavik Erstad, Bjørn Sunde, Nils Inge Romarheim.</p> <p><u>Andre:</u> Marius Maske, Olav Megrund, Marit Krekvik, Kjetil Sporseem, Malin Piegsa, Sol Berntsen Slinning, Miroslav Vasilev.</p>
Forfall:	Øystein Tvedt, Ove Nesje.
Kopi til:	Carl Johansen, Vebjørn Krogsæter, Arild Fuglseth.

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<p><u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa</u></p> <p>Tore Johan Øvstebø opna møtet.</p>	
2	<p><u>Status kommunikasjon</u></p> <p>Sunniva Ullavik Erstad orienterte om status for kommunikasjon. Det er framleis mindre støy i sosiale media enn venta i samband med innkrevingsstarten. Ein prioriterer å svare ut spørsmål, og har god dialog mot media.</p> <p>Vi planlegg ei orientering i formannskapet 22. november der vi vil presentere resultatet frå arbeidet med sentrumsprosjekta. Andre punkt på agendaen:</p> <ul style="list-style-type: none">- Innføring av bompengar – korleis har det gått.- Trafikkutvikling Ellingsøya og Utvika.	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjekt under bygging. 	
3	<p><u>Oppstartsvedtak Kollektivknutepunkt i sentrum</u></p> <p>Bjørn Sunde la fram saka. Prosjektet vil vere eit samarbeidsprosjekt der alle dei tre partane i bypakka er vegeigarar, men der Møre og Romsdal fylkeskommune er utbygger.</p> <p>Prosjektet er delt i to deler:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kollektivknutepunktet i sentrum 88,4 mill. 2022-kroner - Posthuskrysset 48,9 mill. 2022-kroner <p>Til saman gir dette ei styringsramme for prosjektet på 137,3 mill. 2022-kroner. Posthuskrysset ligg på E136 og vil finansierast gjennom avsette midlar til E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset. Det er ein føresetnad for oppstart i 2023 at ein får klarsignal til å trekke opp bompengar for den statlege delen av prosjektet.</p> <p>I utbyggingsplanen for bypakka som vart vedtatt hausten 2021, vart det sett opp ein reserve av prosjekt for om lag 550 mill. kroner. Midlane avsett til Posthuskrysset var ein del av reserven. Ved oppstart av Posthuskrysset vert dermed reserven redusert med 48,9 mill. kroner.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtek at Kollektivknutepunkt i Ålesund sentrum kan starte opp i 2023. Prosjekteigar og byggherre er Møre og Romsdal fylkeskommune, og styringsramma for prosjektet er 137,3 mill. 2022-kr. Ein føresetnad for at kontrakt kan inngåast med entreprenør, er at ein får klarsignal til å trekke opp bompengar for den statlege delen av prosjektet.</p>	
4	<p><u>Rapportering pr. 2. tertial</u></p> <p>Nils Inge Romarheim presenterte 2. tertialrapport. Rapporteringa etter 2. tertial viser at det ikkje er vesentlege avvik som må følgjast opp på porteføljnivå. Det er ikkje meldt om behov for auka sluttprognose for noko prosjekt. Samla sett er det ein mindre auke i årsprognosen for bypakka.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa tar Tertialrapport for 2. tertial 2022 til vitande.</p>	
5	<p><u>Brosundbro/Waterfront – orientering om status</u></p> <p>Olav Megrund orienterte om arbeidet med løysingar for prosjektet.</p> <p>Ein sitt igjen med to hovudalternativ:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ihht. Sørsideplanen. Einvegskøyrd Nedre Strandgate vestover og einvegskøyrd Keiser Wilhelmsgt østover. - Ny Keiser Wilhelmsgt einvegskøyrd kun for buss. Resten av gatesystemet som i dag. <p>Begge alternativa er vurdert med brei og smal bru. Det er anbefalt nokre løysingar ut frå forholda for kollektivtrafikken, syklistane og gåande.</p> <p>Dei tre partane i bypakka vil no vurdere forslaget og gjere eventuelle justeringar ut frå trafikktryggleik, framkommeligheit, attraktivitet for den enkelte brukar, prioritering av knappe areal, landskapsarkitektur og heilskapsbilete. Ein vil drøfte forslaget med Sørsida, Havnevesenet og FRAM, før ein legg det fram for politisk behandling.</p> <p>Det vert ei orientering om saka i formannskapet 22. november.</p>	
6	<p><u>Status trafikk – Ellingsøya og Utvika</u></p> <p>Nils Inge Romarheim presenterte ei enkel samanlikning av trafikktalet for nokre teljepunkt, for å sjå om det har vore noko endring i trafikken den siste tida.</p> <p>Frå tilsvarande samanlikning i september, såg vi at trafikken for punktet på Ellingsøya auka med 10 prosent etter innkrevingsstart. Tilsvarande var auken i Utvika på 37 prosent.</p> <p>Status per oktober er at trafikktalet for Utvika er tilbake på same nivå som dei var i vår før bompengestart. For Ellingsøya har trafikkauken blitt redusert til 3 prosent auke frå før bompengestart.</p> <p>Ein må ta omsyn til at resultatene vert usikre når ein gjer samanlikningar over eit så kort tidsrom som det er gjort her.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt møte med bebuarar i Utvika om situasjonen. Dei er spesielt bekymra for trafikktryggleikssituasjonen og at enkelte held høg fart gjennom bygda.</p> <p>Bypakka vil halde dialogen og fortsette å følgje med over tid om ein får varige, uønskte endringar i trafikkmønster.</p>	
7	<p><u>Eventuelt.</u></p> <p>Ingen saker.</p>	